



# **Strategiplan for kompetanseutvikling i grunnskulen i Norddal kommune 2005 – 2008**

## **Handlingsplan 2008**



## **Bakgrunn**

Nasjonale og internasjonale kvalitetsundersøkingar har vist at det er mykje bra i norsk skule, men at der og er område der kvaliteten bør hevast. Stortinget har difor gjort vedtak om ei større endring i opplæringa i grunnskule og vidaregåande skule som blir kalla ”Kultur for læring”. Det inneber at det i åra 2005 – 2008 skal det gjennomførast ei rekkje reformer for å gjere elevane i grunnopplæringa og vidaregåande skule betre i stand til å møte utfordringane frå kunnskapssamfunnet.

Reformene er mellom anna nye og annleis oppbygde læreplanar, endring i fag og timestfordelinga med m.a. obligatorisk 2. framandspråk for alle, innføring av nye tverrfaglege emne og prioritering av visse grunnleggjande ferdigheiter. Dette krev ei omfattande satsing på kompetanseutvikling for personalet i skulen.

Endringane i samfunnet går i dag fort, og dette påverkar også skulen. Skal skulen makte å tilpasse seg desse endringane, er det viktig at skulen er ein endringsviljug og lærande organisasjon der både kvar enkelt og organisasjonen oppdaterer kunnskapen sin.

Ansvar for kartlegging, prioritering og gjennomføring av kompetanse-tiltak er lagt til den einskilde kommune som skuleeigar. Lokale planar for kompetanseutvikling skal utarbeidast, bygd på dei nasjonale føringane.

I perioden 2005 – 2008 vert det ytt betydelege beløp til kommunane til etter- og vidareutdanning av personalet i skulen. Det skal takast omsyn til den einskilde sitt behov for fornying så vel som skuleeigar sine behov.

### ***Lokale tilhøve***

Skulane i Norddal har i mange år hatt høgt utdanna og godt kvalifisert undervisningspersonale. Skulane har også på ulike område vore i forkant av utviklinga og har alt skaffa seg ein del kompetanse og erfaring innanfor nokre av dei områda som no blir spesielt vektlagde. Det gjeld mellom anna skulebasert vurdering, tilpassa undervisning, skulen som lærande organisasjon, digital kompetanse og leseprosjekt.

Men den nye reforma vil stille mange nye krav. Dei nye læreplanane gjev m.a. større fridom i val av arbeidsmåtar, og dette stiller også større krav til kompetanse hos lærarane.

## **Mål**

Gjennom eit kompetanseløft skal skuleleiarar, lærarar og assistentar gjerast i stand til å møte utfordringane knytte til dei endringar i innhald og struktur som utdanningsreforma inneber.

Rett og god kompetanse er ein føresetnad for at reforma skal lukkast. Og det må arbeidast målretta over tid. Derfor yter staten ekstra økonomiske ressursar til etter- og vidareutdanning når kommunen har laga plan for prioriteringa og bruken av midlane. Det er og ein føresetnad at kommunen stiller ekstra ressursar til rådvelde i denne satsinga.

### ***Lokale mål***

Det ansvaret skuleeigar har for kompetanseutvikling inneber også ansvar for å utvikle lokalt tilpassa metodar og rutiner for vurdering av skulen sin kvalitet. Ekstern skulevurdering og systematisk oppfølging av nasjonale kvalitetsvurderingssystem er også viktige hjelpemiddel.

Den einskilde skulen skal også utvikle ein kultur for heile tida å ta til seg og gjere seg nytta av ny lærdom, og vere ein arena der alle tek ansvar for og kjenner seg forplikta til å realisere felles mål.

## Satsingsområde

Kultur for læring peikar på fleire område som skal prioriterast når det gjeld oppbygging av kompetanse:

Kompetanseutvikling for leiinga av den einskilde skulen.

- Eit godt og kompetent leiarskap er viktig for å utvikle ein velfungerande skule.

Kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet på fleire ulike område.

- Skulen som lærande organisasjon
- Betre tilpassa opplæring
- Nye læreplanar
- 2. framandspråk
- Fysisk aktivitet
- Utdannings- og yrkesretteiing

Vidareutdanning for det pedagogiske personalet i grunnopplæringa.

- Rekruttering og vidareutdanning til obligatorisk 2. framandspråk
- Prioriterte fag, slik som matematikk, naturfag, engelsk og norsk

### *Lokale satsingsområde i Norddal*

Etter kartlegging av kompetanse hos personalet og vurdering av kompetanseutviklingsbehovet på den einskilde skule, er det laga ei prioritering av satsingsområda. I denne prioriteringa er det lagt vekt på skuleleiinga sitt behov og den einskilde sitt ønskje. Prioriteringa er også gjort i samråd med tillitsvald.

Leiarutdanning

- Leiarutvikling for rektorar, stegleiarar og kontaktlærarar

Skulen som lærande organisasjon

- Få innsikt i system for eigenvurdering og utvikling av skulen
- Utdanne skulevurderarar

Tilpassa opplæring

- Den rommelege skulen – samarbeidsprosjekt med RPPT

Digital kompetanse

- Digital læringsplattform
- Målmedviten bruk av data i læringsarbeidet

Nye læreplanar

- Samlingar, kurs og studiedagar for å gjere seg kjende med og arbeide etter nye læreplanar

Norsk – lese og skriveopplæring

- Etter- og vidareutdanning i norsk, m.a. retta mot begynnaroppl. i lesing og skriving
- Spesialpedagogikk retta mot lese- og skrivevanskar.
- Gi rom for lesing - leseprosjekt

2. framandspråk

- Etterutdanning i tysk
- Vidareutdanning i tysk, spansk eller fransk

Matematikk og naturfag

- Rekruttere og etterutdanne lærarar med realfagkompetanse

Fysisk aktivitet

- Etterutdanning i samarbeid med God helse- prosjektet for å auke den fysiske aktiviteten og velje ein sunn livsstil

Utdannings- og yrkesretteiing

- Etter- og vidareutdanning for rådgjevarar

# Organisering

## Skuleeigar/kommunen sine oppgåver

- Kartlegging, vurdering og prioritering av kompetansetiltak på kommunenivå
- Fremje medverknad og medbestemming gjennom god personalpolitikk
- Utarbeiding, godkjenning og gjennomføring av plan for kompetanseutvikling
- Medverke til finansiering
- Samarbeide med andre kommunar og med utdanningsinstitusjonar
- Sørgje for evaluering og rapportering av gjennomførte tiltak

## Oppgåver for den enskilde skule

- Kartlegging, vurdering og prioritering av kompetansebehov ut frå tilsette sine ønskje og skulen sitt behov
- Utarbeide plan for kompetansetiltak ut frå kommunal plan.
- Setje i verk kompetansetiltak og rapportere gjennomførte tiltak

## *Regionalt samarbeid*

Det er tilsett nettverkskoordinatorar i deltidsstillingar som skal tilrettelegge og samordne kompetansetiltak på Nordre Sunnmøre, og i samarbeid med høgskular og næringsliv hjelpe til med å utvikle området til å bli ein lærande region.

Det er også etablert eit regionalt samarbeid om ekstern vurdering der det blir utdanna skulevurderarar, og der skulane i regionen blir systematisk vurderte etter ein plan.

Norddal deltek aktivt i dette samarbeidet.

# Handlingsplanar 2005-2007

## 2005

I 2005 fullførte 2 lærarar vidareutdanning i norsk og 1 lærar vidareutdanning i matematikk. Det meste av kompetansemidlane vart brukt til etterutdanning. Alle rektorane og stegleiarar deltok på leiarkurs. Vidare deltok dei fleste lærarane i kommunen på matematikk-kurs. Av andre fagkurs som fleire deltok i var m.a. norsk, KRL, IKT, mat og helse, 2. framandspråk, rådgjeving. I tillegg vart det satsa på skulen som lærande organisasjon og tilpassa opplæring.

## 2006

I 2006 blei det framleis bli satsa på leiarutdanning, spesielt retta mot skuleutvikling, læreplananalyse og leiaransvar for pedagogisk og strategisk bruk av IKT. Alle rektorane deltok på 2 eller fleire på kurs om dette.

2 stegleiarar starta på vidareutdanning (30 stp) i Leiing og rettleiing i organisasjonar ved Høgskulen i Ålesund.

For lærarane var norsk det viktigaste satsingsområdet dette året, og dei fleste som underviser i norsk var med på eit slikt etterutdanningskurs. Andre fagkurs som hadde deltakarar var naturfag, teknologi og design, matematikk, fysisk aktivitet og helse, rådgjeving.

## **2007**

I 2007 har det vore omfattande aktivitet.

Etterutdanning i vurdering for alle leiarar og lærarar starta opp i samarbeid med andre kommunar på Nordre Sunnmøre. Professor Kari Smith har halde to kurs, og det har også vore vidare arbeid på den enkelte skule. Prosjekt "Betre vurderingspraksis" er i gong på Valldal skule, og det vil ha overføringsverdi til dei andre skulane.

Tre skular var med på kurs i skuleutvikling ved systematisk bruk av LØFT-metoden.

To lærarar har starta på vidareutdanning i matematikk i Sykkylven i samarbeid med Høgskulen i Volda, og to lærarar er også med på eit vidare- og etterutdanningstilbod i naturfag som Nordre Sunnmøre kompetanseregion og Høgskulen i Volda samarbeider om.

Arbeid med å betre lese- og skriveopplæringa har halde fram ved kurset Språkpakka.

To av stegleiarane på Valldal skule fullførte vidareutdanning i personalleing.

Har besøkt Vigra barneskule som er demonstrasjonsskule for innføring i verkstadopplegget dei bruker i spesialundervisninga..

Elles har det vore kurs i entreprenørskap og karriererettleing, kurs i musikk, kunst og handverk og deltaking innan Kosthald og fysisk aktivitet.

## **Handlingsplan 2008**

I 2008 har desse områda prioritet:

For å dyktiggjer leiarar og lærarar i samband med innføring av "Kunnskapsløftet", er det viktig å vidareføre dei områda som vi alt har starta på. Det gjeld å auke kompetanse i høve til planar, fag, profesjon og dugleikar.

### **VURDERING**

Framhald med vurdering, både skulevurdering og elevvurdering, er i gong på alle skulane og på alle trinna. Professor Kari Smith er kurshalder i eit prosjekt som begynte 2007 og skal halde fram til 2009.

Prosjektet "Betre vurderingspraksis" på barnetrinnet er i gong på Valldal skule, og erfaringar frå prosjektet vil overførast til dei andre skulane kontinuerleg.

### **FAGLEG OPPDATERING**

Å dyktiggjere lærarane innanfor alle fag, særleg realfaga og framandspråk, er høgt prioritert. Etter- og vidareutdanning i matematikk og naturfag held fram.

### **BRUK AV DIGITALT VERKTY**

Det er høg kompetanse på skulane når det gjeld bruk av digitale verkty, og her vert det satsa i stor grad på interne kurs og "kollegalæring". Alle skulane skal no innføre First Class som læringsplattform, og her er det planlagt eksterne kurs.

## LEIARUTDANNING

Det vert satsa kontinuerleg på leiarutdanning. Det er behov for å innrette den meir mot den faglege leiinga i skulane, og meir opplæring i organisasjonsutvikling og miljøarbeid.

## LESEOPPLÆRING

Basiskunnskap, og spesielt leseopplæring, er svært viktig. Det vert satsa spesielt på begynneropplæring og didaktisk kompetanse generelt på barnetrinnet.

## ARBEIDSMETODAR I FÅDELTE SKULE

66% av skulane i Norddal er fådelte. Planar, lærarutdanning osv. har dei siste åra skapt større utfordringar overfor dette skuleslaget.

## Finansiering 2008

Statlege midlar til kompetanseutvikling	143 000
• Satsing på skuleleiarar og etter- og vidareutdanning for lærarar i 2007	
Midlar stilt til disposisjon av skuleeigar til kompetanseutvikling	159 000
• Dekning av vikarutgifter	
Midlar til regionalt samarbeid	
• Statlege tilskot	10 000
• Kommunal andel Norddal	40 000
<b>Sum statlege tilskot:</b>	<b>153 000</b>
<b>Sum kommunal andel:</b>	<b>193 000</b>

## Evaluering

Handlingsplanen skal kvart år vurderast og justerast etter dei erfaringane ein etter kvart får med gjennomføringa av reforma.